



Mellom Himmel og Fjord



Kunstinstallasjonar
Hardanger folkemuseum
Utne



Kunstverk av:

- 1 Mona Nordås - Bringkoll
- 2 Essi Korva - Den lille havfrue på Utne
- 3 Aud Bækkelund - Skyggen
- 4 Johild Mæland - Epitafium
- 5 Svein Nå - Under open himmel
- 6 Essi Korva - Skogsalven
- 7 Ann Kristin Aas - Det er bare stille et øyeblikk
- 8 Judith E. de Haan - Dei har sett spor etter seg

Kunstlandskap Hardanger

www.kunstlandskap.no

Mellom Himmel og Fjord



Mellom Himmel og Fjord er eit 3-årig prosjekt med kunst i landskapet i regi av kunstnarorganisasjonen Harding Puls. Prosjektansvarlege er Solfrid Aksnes, Aud Bækkelund og kurator Kjell-Erik Ruud. Fire områder i Hardanger er valt ut og er i 2014 del av Hardanger 2014.



Utne på Hardanger folkemuseum sitt uteområdet - frå 24. mai

Mona Nordås

bur på Evanger. Ho er fasinert av syntesar og arbeider mest med stadspesifikk kunst, der ho sorterer og set saman ulike einingar til ny heilskap.

Essi Korva

kjem frå Finland for å vera med på prosjektet. Ho arbeider instinktivt utan skisser. Etter ei tid med fundering går sjølve arbeide med skulpturane svært fort. Ideen som ho vil fanga veks fram i skaparprosessen der og då.

Aud Bækkelund

bur i Norheimsund. Ho utforskar til vanleg uttrykksmøglegheita i lågstatusmateriale og ser etter poesien i det dagligdagse. Tinga ho brukar kan visa til spor av historie, og antyde ein stemning og leia tankane i forskjellige retningar.

Johild Mæland

bur på Utne. Arbeider til vanleg med maleri og ulike malingsteknikkar på møblar og interiør. Ho har også laga fleire installasjoner der ho undersøker tradisjonelle dekorelement i nye materiale.

Svein Nå

bur på Nå. Han arbeider til vanleg med tekstil, hovudsakleg biletvev i eit minimalistisk uttrykk. Han har også laga mange kunstinstallasjoner ute i landskapet.

Judith E. de Haan

arbeider i Kunstnarhuset Messen i Ålvik. Ho er inspirert av den overveldande naturen rundt seg, men søker alltid menneskeleg nærleik og struktur i samband med slike omgjevnader. Spesialiteten hennar er tresnitt, som for ho er eit naturleg medium.

Ann Kristin Aas

bur i Son. Ho arbeider til vanleg med objekt og installasjon ofte basert på naturmateriale og gjenstandar ho finn. Ho er oppteken av problemstillingar mellom natur og kultur, og er spesielt fasinert av det forgjengelege og forandringer over tid.

Norheimsund, frå Straumhaugen til Hardanger fartøyvernsenter - frå 7. juni

Kunstnarane: Jaakko Pernu, Gitte Sætre, Els Geelen, Felieke van der Leest, Silje Solvi, Vanesa van Vlerken

Mælen i Herand - langs vegen ut til Mælen - frå 7 juni

Kunstnarane: Siri Kollandsrud, Solfrid Aksnes, Arne B. Mælen

Hardangerbrua på Bu - ned langs gang- og sykkelvegen - frå 22. juni

Kunstnarane: Unni Askeland, Kirsti van Hoegee, Agurtxane Concellon

www.kunstlandskap.no

